



## Klage på vedtak om godkjenning av plan for avbøtande tiltak mot støy frå Tonstad vindkraftverk

LØPENR/SAKSNR: 7559/2020-2009/609	SAKSBEHANDLER: Sven Sandvik	DATO: 14.05.2020
--------------------------------------	--------------------------------	---------------------

UTV.SAKSNR: 20/65 20/83 20/54	UTVALG: Utvalg for teknikk, landbruk og miljø Formannskapet Kommunestyret	MØTEDATO: 09.06.2020 11.06.2020 17.06.2020
--	--	---

### Bakgrunn

NVE har den 07.05.2020 godkjent ein tiltaksplan mot støy frå Tonstad vindkraftverk. Rådmannen meiner det er grunnlag for å klage på vedtaket.

Kommunen har fått utsatt klagefrist til 18.06.2020. Tiltaksplanen og vedtaket om godkjenning er vedlagt (vedlegg 1 og 2).

Støyvilkåret i konsesjonen lyder slik:

*«Støynivået ved bygninger med støyfølsom bruk skal ikke overstige Lden 45 dBA. Dersom det vurderes som nødvendig for vindkraftverkets realiserbarhet at støynivået overstiger Lden 45 dBA ved bygninger med støyfølsom bruk, skal detaljplanen omfatte aktuelle tiltak for å avbøte virkninger ved disse bygningene. Dersom konsesjonær mener at bygninger med støynivå over Lden 45 dBA ikke har støyfølsom bruk, skal dette dokumenteres i detaljplanen.»*

Vilkåret er utforma i samsvar med Klima- og miljødepartementet sin retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442/2016 (støyretningslinja).

Føremålet til støyretningslinja er å forebygge støyplager.

Ved planlegging av ny verksemeld og endring av eksisterande verksemeld, er utgangspunktet at planen *«ikke skal føre til at eksisterende bebyggelse med støyfølsom bruksformål blir liggende innenfor det som er definert som gul eller rød sone i retningslinjen.»*

Grensa for gul sone ved støy frå vindturbinar er i retningslinja sett til  $L_{den}$  45 dB. Grensa for raud sone er  $L_{den}$  55 dB.

### Gjennomgang av sakshistorikken, sett frå kommunen sin ståstad

Støyproblematikken har vore eit sentralt tema for Sirdal kommune gjennom heile prosessen med Tonstad vindkraftverk.

Under høyringa av konsesjonssøknaden i juni 2013 fatta kommunestyret følgjande vedtak:

«Sirdal kommune er positive til konsesjonssøknaden for Tonstad Windpark AS under forutsetning av at de tre vindmøllene mellom Krokevatn og linjetraseen for 420 kV-linjene og likestrømsledningen tas ut a planen.»

Varaordførar Egil Netland gjorde munnleg grei for årsaka til kommunen sitt krav om fjerning av tre turbinar i kommunestyremøte den 13. mars 2014. Det var nærliek til fritidsbustader og sårbar natur.

I konsesjonsbehandlinga la NVE til grunn at kommunen sin høyningsuttale var positiv, trass i at kravet om fjerning av tre turbinar ikkje var oppfylt. Sirdal kommune klaga difor på konsesjonsvedtaket, men fekk ikkje medhald hjå OED.


### MTA- og detaljplan

Tiltaksplanen mot støy inngår som ein del av MTA-planen for vindkraftverket. MTA-plan vert her nytta som ei forkorting for detaljplan og miljø-, transport og anleggsplan.


MTA-planen for Tonstad vindkraftverk er godkjent etappevis gjennom ei rekke delvedtak over dei siste åra. Hovuddelen av planen vart sendt på høyring i januar 2018.

I kommunen sin uttale av 22.03.2018 til hovuddelen av MTA-planen, vart det på nytt understreka at kommunestyret sin positive uttale til konsesjonssøknaden var gitt under føresetnad av at tre turbinar mellom Krokvatn og kraftlinjetraseen måtte takast ut av planen. Dette på grunn av nærlieken til fritidsbustader og sårbar natur.

Konsesjonssøknad:



MTA-plan:



Samanlikning av turbinplasseringar i konsesjonssøknaden og MTA-planen som vart lagt ut på høyring. Raud sirkel syner turbinpunktet kommunestyret ønska å ta ut av planen. Dei blå sirklane syner dei to nye turbinpunktene nord i planområdet.

Havgul hadde i eit brev som vart sendt til kommunen i samband med kommunen sin klage på konsesjonsvedtaket i 2014, formidla at ein – så langt det var mogeleg – ønska å etterkomme kommunen sitt ønske om å fjerne dei tre nemnte turbinane. Når MTA-planen kom, vel fire år seinare, viste det seg at dette ikkje vart gjort. I plassen for å fjerne dei tre turbinane var det no lagt inn to ekstra turbinpunkt opp mot yttergrensa i nord, eit på austsida og eit på vestsida av kraftlinja.

I samband med høyringa av MTA-planen, sendte kommunen ein førespurnad til Tonstad Vindpark om vurderingane som låg til grunn for val av turbinplasseringar. Svaret frå Tonstad Vindpark bidrog til å styrke kommunen sitt inntrykk av dette som eit marginalt prosjekt der økonomiske omsyn hadde vorte meir styrande for turbinplasseringane enn omsynet til dei støyutsette fritidsbustadane. I tilbakemeldinga skreiv Tonstad Vindpark mellom anna følgjande:

*«Planområdet er geologisk meget krevende og det er store avstander innenfor planområdet og til Ertsmyra. Dette innebærer store infrastrukturkostnader og av økonomiske årsaker er vi nødt til å maksimere produksjonen (og effekten).»*

I uttalen til MTA-planen påpeika Sirdal kommune at avgrensinga nordvest i planområdet – der ein hadde fjerna fem turbinpunkt – var ei sjølvstående avgrensing som følgde av ei privatrettsleg, frivillig erklæring frå utbyggar. Kommunen reiste spørsmål ved om denne avgrensinga kunne bidra til at fleire fritidsbustader fekk støy over grenseverdien?

I uttalen til MTA-planen vedtok kommunestyret følgjande standpunkt:

*«I interesseavveginga mellom grupper som vert påført ulemper som fylge av utbygginga, bør interessene til dei som vert utsett for støybelastning i raud og gul sone vektast tyngre enn reine visuelle interesser. Den faglige grunngjevinga for å utelate området i nord-vest, bør difor tydeliggjera i MTA.»*

Med tilvising til konsesjonsvilkåret, bad kommunen NVE vurdere om det ville vera nødvendig for realiseringen av prosjektet å påføre 23 fritidsbustader støy over grenseverdien?

Når hovuddelen av MTA-planen vart godkjent av NVE den 08.06.2018, vart alle turbinplasseringar i detaljplanen godkjent, utan noko nærmere vurdering av plasseringane. Det vart heller ikkje vurdert kor vidt det var nødvendig å overskride grenseverdien ved så mange fritidsbustader for å få realisert prosjektet.

I godkjenningsvedtaket stilte NVE følgjande vilkår knytt til støy:

*«Bekreftelse på at TVAS har oppnådd enighet med eierne av bygningene (omtalt i notat av 16.5.2018) om avbøtende tiltak for støy og/eller skyggekast skal forelegges NVE, senest før oppføring av vindturbinene starter.» (vår utheving)*

### Klage på MTA- og detaljplan

Sirdal kommune klaga på vedtaket. I klaga bad kommunen på nytt om ei vurdering av nødvendigheita av ei overskridning av grenseverdien for støy ved 23 fritidsbustader.

I Tonstad Vindpark sin kommentar til klaga, vart det argumentert med utgangspunkt i avstand frå vindkraftverket til fritidsbustadane. Konklusjonen var at det ikkje ville vera

mogeleg å bygge ut vindkraftverket dersom ein skulle overhalde grenseverdien ved alle fritidsbustadane. I den same kommentaren skreiv Tonstad Vindpark også følgjande:

*«Det er ingen tvil om at en overskridelse av grenseverdien for støy hos de fleste av disse hyttene er helt nødvendig for å kunne realisere vindkraftverket.»* (vår utheting)

Sett i frå kommunen sin ståstad, låg det i denne setninga også ei innrømming av at det kanskje likevel kunne vera mogeleg å realisere vindkraftverket med færre bygningar over grenseverdien.

I klagebehandlinga av 27.02.2019 skreiv OED følgjande:

*«Departementet er enig med Sirdal kommune om at støyvilkår med forbehold om «vindkraftverkets realiserbarhet» kan gjøre det usikkert hvilken beskyttelse den enkelte støyeksponeerte har, og når og på hvilke vilkår et vindkraftverk likevel kan realiseres. Departementet viser imidlertid til at det i saken om Tonstad vindkraftverk allerede på konsesjonstidspunktet var klart at flere bygninger ville få støy over grenseverdiene, og at det derfor måtte kompenserende tiltak til. Dette fremgår klart av NVEs bakgrunnsnotat og departementets klageavgjørelse. Vilkåret om støy må derfor vurderes ut frå dette utgangspunktet.»*

Utgangspunktet OED viser til er NVE sitt notat «bakgrunn for vedtak» om konsesjon for Tonstad vindkraftverk, der NVE vurderte at omfanget av støy og skuggekast ville kunne medføre støynivå over grenseverdien for 1 heilårsbustad og 25 fritidsbustader og krevje avbøtande tiltak.

Sirdal kommune har ikkje vore usamd i dette utgangspunktet. På det tidspunktet konsesjonen vart gitt og støyvilkåret stilt, var det for både kommunen og konsesjonsmyndigheten klart at grenseverdien for støy ville måtte overskridast når vindkraftverket vart bygd ut. Kommunen har vore innforstått med at vedtaket om konsesjon innebar ein aksept av dette. Kommune har ikkje hatt innvendingar mot at grenseverdien for støy blir overskriden som følgje av utbygginga. Det som kommunen har freista å få klarheit i, er kva for eit omfang av støyeksponeering over grenseverdien som er nødvendig for å bygge ut og drive vindkraftverket?

Konsesjonen vart gitt for ei utbygging på inntil 200 MW effekt innanfor eit avgrensa planområde. Konsesjonen gjaldt ikkje noko bestemt turbinoppsett, turbinstorleik eller tal på turbinar. Kommunen har difor lese støyvilkåret som eit vilkår som peikar framover på den vidare prosessen.

Kommunen har ikkje oppfatta resultata frå støyberekingane i konsekvensutgreiinga som noko fastmerke som ein kan referere attende til når ein vurderer kva for omfang av overskridingar av grenseverdien for støy som er akseptabelt for den endelige utbyggingsløysinga. Konsekvensutgreiinga vart gjort med utgangspunkt i eit anna turbinoppsett, med turbinar av annan storleik og mengd. Det vart også nytta ein eldre, mindre avansert metodikk for støybereking.

Den viktigaste informasjonen som kunne lesast ut av støyberekingane i konsekvensutgreiinga, var at det syntest vera risiko for at mange personar kunne bli utsett for helsekadelege støyverdiar. Rådmannen oppfattar at føremålet til støyvilkåret er å sikre ei god handtering av støyproblematikken i den vidare prosessen og unngå at støybelastninga vert større enn det som er nødvendig.

Vidare i klagebehandlinga skriv OED følgjande:

*«Departementet konstaterer at dokumentasjon og avbøtende tiltak forbundet med støy i henhold til konsesjonsvilkårene skulle vært fremlagt med detaljplanen, men at dette ikke er gjort. Departementet konstaterer imidlertid at NVE forutsetter fremlagt for godkjenning en egen tiltaksplan for støy og skyggekast. Departementet presiserer at arbeidet med selve vindkraftverket ikke kan igangsettes før dette er oppfylt.»* (vår utheving)

#### Klage på vedtak om aka installert effekt

Støy var også eit tema i kommunen sin klage på NVE sitt vedtak av 27.08.2018 om auka installert effekt frå 200 MW til 210 MW. Bakgrunn for søknaden var teknologiske framsteg som gjorde at ein kunne få meir effekt ut av kvar turbin. Etter kommunen sin vurdering burde auken i effekt per turbin kunne tilseie at det var mogeleg å oppretthalde same produksjon som før, med færre turbinar. Standpunktet til kommunen var følgjande:

*«Handlingsrommet som følger av auken i effekt per vindturbin, bør nyttast til å redusere ulempene for omgjevnadane og oppfylle utbyggars sine forpliktingar i bindande erklæringar gitt til kommunen.»*

I klagebehandling av 18.03.2019, skrev OED følgjande:

*«Departementet er i utgangspunktet enig med NVE at en endring som kan gi inntil 30 GWh mer i årlig produksjon og som styrker økonomien i prosjektet samtidig som den ikke gir endrede virkinger for omgivelsene, oppfyller kriteriene for å gi konsesjon etter energiloven. Departementet mener imidlertid at kommunens anførsel om antall turbiner ikke er helt irrelevant hva gjelder oppfølgingen av støyvilkåret og forutsetningen om «vindkraftverkets realiserbarhet». Konsesjonæren må ta dette i betraktning ved utarbeidelsen ved oppfølging av støyvilkåret.»*

Kommunen oppfattar dette som ei føring frå OED om om å bruke den styrka prosjektøkonomien til å gjennomføre endringar i turbinoppsettet med mål om å redusere talet på fritidsbustader som får støy over grenseverdien.

#### Første versjon av tiltaksplanen

Første versjon av tiltaksplanen vart sendt på høyring til kommunen den 28.06.2019. I oversendinga vart kommunen orientert om ei endring av tidlegare innførte rekkefølgjekrav:

*«OED skriver i sin vurdering at «arbeidet med selve vindkraftverket ikke kan igangsettes før...». NVE har avklart denne setningen med OED. Den skal forstås som at «anlegget ikke kan settes i drift før tiltaksplan er framlagt NVE for godkjenning». NVE har i epost av 28.06.2019 presisert ovenfor tiltakshaver at testkjøring av turbiner kan gjennomføres frem til NVE har fattet vedtak i saken.»* (vår utheving)

Sirdal kommune gav ein administrativt uttale til tiltaksplanen. Uttalen, som vart referert i utval for teknikk, landbruk og miljø den 03.09.2019, er vedlagt saka (vedlegg 3).

Den første versjon av tiltaksplanen vart ikkje godkjent av NVE. I vedtaket av 11.12.2019 skrev NVE mellom anna følgjande:

*«Etter NVEs vurdering er det ikke tilstrekkelig å kun vurdere «bytte av vinduer og dører», samt «eventuelt skjerming av terrasse». Vi mener at det også bør vurderes*

*tiltak som for eksempel isolering, skjerming av ny uteplass og vinterhager. Vi viser i denne forbindelse til Sirdal kommunes uttalelse om dette.*

*Tiltaksplanen må på en klar måte angi hvilke avbøtende tiltak som er aktuelle. TVAS må videre opplyse om hvilke avbøtende tiltak de allerede har gjennomført. TVAS må også forklare hvorfor turbinplasseringen er nødvendig for vindkraftverkets realiserbarhet. NVE kan ikke se at tiltaksplanen gjør rede for dette.*

*NVE kan heller ikke se at TVAS i tiltaksplanen har vurdert redusert drift av turbinene som et aktuelt avbøtende tiltak.»*

#### Ny versjon av tiltaksplanen

Tiltaksplanen mot støy som NVE godkjente den 07.05.2020, er ein oppdatert versjon av planen som NVE avslo den 11.12.2019. NVE har vurdert at saka er godt nok opplyst frå før, og difor ikkje funne det nødvendig å sende den ut på ny høyring.

Tiltaksplanen er basert på inngåing av frivillige standardiserte avtalar der hytteigarane i første omgang får utbetalt to tredjedeler av ein fast øvre kompensasjonssats som skal dekke utgifter knytt til avbøtande tiltak på hytta. Det er to ulike kompensasjonssatsar; ein for hytter innanfor støyintervallet 45 –50 dB, og ein for hytter innafor intervallet 50-55 dB. Den siste tredjedelen av kompensasjonssatsen vert utbetalt når Tonstad Vindpark har mottatt dokumentasjon på at avbøtande tiltak er gjennomført. Grunneigarane bestemmer sjølv kva for avbøtande tiltak dei ønsker å gjennomføre og får utbetalt den resterande tredjedelen uavhengig av kostnaden på tiltaka som er utført. For hyttene med støyverdiar over 55 dB (raud sone) er det foreslått innløysing til marknadspolis, eller avtale om relevante avbøtande tiltak.

Etter avslaget frå NVE den 11.12.2019, har Tonstad Vindpark auka satsane i dei frivillige avtalane, slik at hytteigarane skal kunne ha høve til å gjennomføre ytterlegare avbøtande tiltak. Som eit alternativ til ein frivillig avtale, vert det no også gjeve tilbod om avtaleskjønn.

I den oppdaterte tiltaksplanen er det gitt ei nærmare forklaring på kvifor det ikkje ville vera mogeleg å realisere vindkraftverket utan å overskride grenseverdiane for støy. Kjeller vindteknikk har i samband med dette gjennomført ein analyse av kva som må til for sikre at *ingen* fritidsbustader eller hus utanfor planområdet får støyverdiar over grenseverdien.

#### **Rådmannen sin vurdering av tiltaksplanen**

I høve konsesjonen skulle tiltaksplanen mot støy ha vore lagt fram saman med detaljplanen, slik at ein hadde høve til å sjå desse i samanheng. Ein ville då hatt betre føresetnader for å vekte omsyn til støy opp mot andre omsyn og vurdere turbinplassering og nødvendigheita av å overskride grenseverdien.

Det viktigaste og mest effektive støytiltaket ein har under planlegginga av eit vindkraftverk, er turbinplasseringa. Når eit vindkraftverk først er etablert, er det både vanskeleg og kostbart å endre på desse.

Etter rådmannen sin vurdering tilfører tiltaksplanen saka nye opplysningar som også er relevante for vurderinga av detaljplanen. Kjeller vindteknikk sin analyse av kva som må til for sikre at *ingen* fritidsbustader eller hus utanfor planområdet får støyverdiar over grenseverdien, syner at det er fleire enkeltturbinar som synest vera utslagsgjevande for at grenseverdien for støy vert overskriden hjå større grupperingar av fritidsbustader.

Sidan vindkraftverket allereie er bygd ut, er det ikkje lenger like meiningsfullt å vurdere om vindkraftverket kunne ha blitt realisert eller ikkje, dersom ein på eit tidlegare tidspunkt hadde lagt til gunn færre fritidsbustader med støy over grenseverdien. Ein har no høve til å ta utgangspunkt i den faktiske prosjektøkonomien og vurdere kva som er mogeleg å få til innanfor denne. Rådmannen oppfattar at dette vil vera i tråd med konsesjonsvilkåret sitt føremål om å sikre at det ikkje er fleire personar som vert eksponert for støy over grenseverdien, enn det som er nødvendig.

Dersom ein skal gjere teoretiske vurderingar av kva som var, eller ikkje var mogeleg å få realisert, lyt ein legge til grunn for vurderingane at detaljplanen med turbinplasseringar endå ikkje var godkjent, og vindkraftverket endå ikkje utbygd.

I tiltaksplanen er det gitt ei forklaring på kvifor det ville vera vanskeleg å realisere vindkraftverket dersom ein måtte overhalda grenseverdien for støy ved *alle* hytter og hus utanfor planområdet. Når ein vurderer desse bygningane under eitt, omgår ein i praksis spørsmålet om nødvendigheita av ei overskridning ved det enkelte bygget.

Her er ein repetisjon av ordlyden i konsesjonsvilkåret:

*«Støynivået ved bygninger med støyfølsom bruk skal ikke overstige Lden 45 dBA. Dersom det vurderes som nødvendig for vindkraftverkets realiserbarhet at støynivået overstiger Lden 45 dBA ved bygninger med støyfølsom bruk, skal detaljplanen omfatte aktuelle tiltak for å avbøte virkninger ved disse bygningene. Dersom konsesjonær mener at bygninger med støynivå over Lden 45 dBA ikke har støyfølsom bruk, skal dette dokumenteres i detaljplanen.»*

Utgangspunktet er at grenseverdien ikkje skal overskridast ved fleire bygg enn det som er nødvendig for å realisere vindkraftverket. Når det står at detaljplanen skal omfatte aktuelle tiltak for å avbøte støy ved «*disse bygningene*», er det enkeltbygningane som det var nødvendig å utsette for støy over grenseverdien, det vert vist attende til.


Rådmannen meiner det er fleire moment som talar for at prosjektet kunne vore realisert med *færre* bygg over grenseverdien.

#### Moment nr.1: Turbinplassering

Det er fleire enkeltturbinar som er plassert tettare på kringliggjande fritidsbusetnad, enn det ein skulle tru var nødvendig.

Dette gjeld særleg turbinpunkt 2G og 53, som er dratt heilt opp mot yttergrensa mot fritidsbustadane nord og nordaust for planområdet. I analysen til Kjeller vindteknikk i tiltaksplanen er det synleggjort kva for enkeltturbinar som er utslagsgjenvande for at støygrensa vert overskriden ved bygningars utanfor planområdet. Etter det rådmannen kan lese ut av denne, er turbinpunkt 2G og 53 dei to enkeltturbinane som dreg med seg flest fritidsbustader over grenseverdien.

Analysen bekreftar også at turbinpunkt 5, 1 og 6G er blant dei verste med omsyn til støybelastning. Dette svarer til dei tre turbinplasseringane mellom Krokvatn og kraftlinjetraseen, som etter føresetnaden i kommunestyret sin positive uttale til konsesjonssøknaden, måtte fjernast.



Analyse frå Kjeller vindteknikk som syner vindturbinar som må stengast heilt (raude) eller periodevis (orange) for å unngå støy over grenseverdien ved alle fritidsbustader og hus utanfor planområdet.

Etter rådmannen sin vurdering, vitnar turbinplasseringane om at omsyn til støybelastning har vorte nedprioritert til fordel for andre omsyn. Tolkinga av støyvilkåret som Tonstad Vindpark har lagt til grunn, gjev også haldepunkt for å tru at omsynet til støybelastning har vorte nedprioritert. I sin kommentar til dei innkomne merknadane til tiltaksplanen meinte Tonstad Vindpark at føremålet med tiltaksplanen var «*å redusere støyvirkingen av tiltaket i den utstrekning det er mulig sammen med realiseringen av en optimal vindkraftutbygging*».

#### Moment nr. 2: Auka installert effekt

Investeringsavgjersla vart, i høve Tonstad Vindpark, tatt sumaren 2018. Det vil sei at det allereie var bestemt at vindkraftverket skulle byggast når NVE fatta vedtak om auka installert effekt frå 200 til 210 MW, den 28.08.2018. Det låg på dette tidspunktet også føre ein godkjent MTA-plan for ei utbygging på 199 MW.

Rådmannen legg til grunn at utbygginga kunne ha vore realisert etter planen som låg føre på tidspunktet for investeringsavgjersla sumaren 2018, innanfor ramma på 200 MW.

Rådmannen legg vidare til grunn at økonomien i prosjektet har vorte styrka etter ein auke i effekt per turbin som gjev inntil 30 GWh meirproduksjon årleg.

Rådmannen oppfattar at det gjennom OED si klagebehandling av 18.03.2019, er lagt ei føring på konsesjonær om å bruke den styrka prosjektøkonomien til å gjennomføre endringar i turbinoppsettet med mål om å redusere talet på fritidsbustader som får støy over grenseverdien.

#### Moment 3: Privatrettsleg avgrensing

I tiltaksplanen vert Tonstad Vindpark si erklæringa av 12.06.2013 om flytting av 5 turbinpunkt som ville vera synlege frå Øksendal, lista opp som ein avgrensande faktor, saman med restriksjonsområder rundt kraftleidningar, restriksjonsområder rundt vatn og vassdrag, restriksjonsområde for fugl fastsett i konsesjonen og omsyn til støy ved faste busettingar på Skibeli, Oftedal og Espetveit.

Rådmannen meiner det er problematisk at erklæringa av 12.06.2013 vert nytta som argument for at det er nødvendig å overskride grenseverdien for støy ved 23 fritidsbustadar. Dette er ei frivillig, privatrettsleg avgrensing som ikkje følgjer av pålegg gitt i konsesjonen. Det vart heller ikkje stilt krav om dette frå kommunen si side, slik Tonstad Vindpark synest antyda i tiltaksplanen.

Erklæringa kom, utan førehandsvarsel, i ein e-post sendt til kommunen rett før sakspapira med forslag til høyringsuttale til konsesjonssøknaden skulle sendast over til politisk behandling.

Flytting eller fjerning av turbinar lengst nordvest i planområdet, var eit foreslått avbøtande tiltak i konsekvensutgreininga for å redusere den negative verknaden på kulturmiljøet Øksendal. Dette var også eit foreslått avbøtande tiltak i rådmannen sitt forslag til vedtak. I vedtaket som kommunestyret fatta, var det dei tre turbinane aust for kraftlinjetraseen ein ønska å få fjerna. Dette mellom anna av omsyn til støybelastninga for fritidsbustadane.

Erklæringar og andre lovnader må sjølv sagt haldast, men det er ikkje legitimt å bruke erklæringa av 12.06.2013 som argument for nødvendigheita av å overskride grenseverdien ved 23 fritidsbustader.

### Ambisjonsnivå

I høyringsuttalen etterlyste kommunen eit ambisjonsnivå for tiltaka, forankra i Norsk Standard NS 8175 sine lydklassar for bygg.

Klasse A har grenseverdiar som gjev spesielt gode lydtilhøve der personar kunn unntaksvis vert forstyrra av lyd og støy.

Klasse B gjev også gode lydtilhøve, men ein ventar at personar kan verta forstyrra til ein viss grad.

Klasse C gjev tilfredsstillande lydtilhøve for ein stor prosentdel av befolkninga. Dette er minstekravet som vert stilt i byggeteknisk forskrift (TEK17) for at personar som oppheld seg i byggverk skal ha «*mulighet for arbeid, hvile, rekreasjon, sovn, konsentrasjon, kommunikasjon, god taleforståelse, oppfattelse av faresignaler og mulighet for orientering*».

Klasse D har grenseverdiar som inneber at ein stor prosentdel av befolkninga kan vente å bli forstyrra av lyd og støy.

Kommunen vurderte at lydtilhøva i og ved dei aktuelle hyttene truleg svara til lydklasse A eller B før utbygginga. Kommunen la vidare til grunn at mogelegheita for å få stillheit og ro var ein sentral del av bruksområdet og funksjonen til hyttene og vurderte at det var stor risiko for at brukarane av hyttene kunne få helseskadelege støyplager. Kommunen viste i den samanheng til folkehelseinstituttet sin høyringsuttale til konsesjonssøknaden:

*«Selv om fastboende generelt vil kunne være sterkest berørt i den forstand at det vil være børørt hele tiden, hyttebrukere kun sporadisk, så vil konsekvensene for hyttebrukere likevel kunne være mer gjennomgripende i den forstand at støy, skyggekast og det visuelle intrynket av naturinngrep berører selve formålet med hyttelivet, som rekreasjon, stillhet og naturopplevelser. I studier av andre støykilder er også selve opplevelsen av endring vist å kunne forsterke støyplagen. Man har førsituasjonen og reagerer i forhold til det, ikke kun i forhold til de faktiske støynivåene.»*

Kommunen meinte det var grunn til å forvente eit høgt ambisjonsnivå på støytiltaka og foreslo difor å ta utgangspunkt i lydklasse B.

Når ein nyttar uttrykket «ambisjonsnivå» ved planlegging av støytiltak etter «ambisjonsnivåmetoden», inneber dette at det er opning for å fråvike lydklassen i tilfelle der dokumentasjonen syner at det er urimeleg dyrt å oppnå denne. Ambisjonsnivåmetoden er eit velkjend hjelpemiddel for planlegging av støyreduksjonstiltak i samsvar med Klima- og miljøverndepartementet sin *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442*. Metoden vart først utvikla av Kilde Akustikk AS for Statens forurensningstilsyn i 1991 og har seinare vorte revidert etter oppdrag frå Statens vegvesen.

Rådmannen meiner at ambisjonsnivåmetoden også kunne ha vore eit nytig hjelpemiddel i planlegginga av avbøtande tiltak mot støy frå Tonstad vindkraftverk. Dette ville ha sikra ei meir konkret tilnærming og meir bruk av støyfagleg kompetanse under i utarbeidinga av planen.

I tiltaksplanen er det sett opp ein tabell som syner kva for tiltak hytteigarane bør vurdere for si hytte ut frå generell kunnskap om ulike støynivå og ulike bygningsstandardar. Ved tiltakspakke II, som er den mest ambisiøse tiltakspakken i tabellen, siktar ein seg inn på eit innandørs støynivå på 30-31 dB, noko som kan svare til Norsk Standard sitt minstekrav for tilfredsstillande støyverdiar innandørs (lydklasse C). Det vidare ansvaret for å oppfylle

støyvilkåret i konsesjonen er i stor grad skyve over på den enkelte hytteeigar, som sjølv må vurdere kva for tiltak som er eigna for å avbøte støyen ved si hytte, og sjølv avgjere kor stor del av den faste kompensasjonssummen ein ønsker å bruke på avbøtande tiltak.

I tiltaksplanen vert den generelle tilnærminga og ansvarsoverføringa til hytteeigarane forklart med at det er komplisert å evaluere innandørs støy nivå i dei forskjellige hyttene då det er stor variasjon i standard og ulike støy nivå ved hyttene og med at det uansett vil vera opp til hytteeigar å ta stilling til kva for tiltak ein ønsker å gjennomføre på si hytte. Tilnærminga i tiltaksplanen er at kompensasjonssummen uansett skal vera høg nok til å dekke avbøtande tiltak for bygningars av låg standard.

Rådmannen meiner framleis at tilnærminga i tiltaksplanen er for generell. Tiltaksplanen bør innehalde eit konkret forslag til avbøtande tiltak for kvar enkelt av dei støyutsette bygningane, med dokumentasjon som syner innandørs lydnivå før og etter tiltak.

#### Vilkår i frivillig avtale og avtaleskjønn

I høyringsuttalen til tiltaksplanen var Sirdal kommune kritiske til vilkår som Tonstad Vindpark stilte for å gi støtte til avbøtande tiltak mot støy. Rådmannen registrerer at det framleis vert stilt urimelege vilkår i avtalane. For å få avbøtande tiltak mot støy må hytteeigarane mellom anna skrive under på følgjande:

*«Grunneierne aksepterer etableringen og driften av Tonstad vindkraftverk i samsvar med Tonstad Vindparks konsesjon av 7. september 2015, og aksepterer å tåle enhver ulempe som dette måtte innebære for Eiendommen og Hytten, herunder knyttet til støy og skyggekast. Grunneieren frasier seg og senere eiere av Eiendommen retten til å fremme ethvert krav mot Tonstad Vindpark eller dets eiere, herunder som følge av støy, skyggekast eller andre ulempar fra vindparken.» (våre uthavingar)*

Rådmannen oppfattar at dette går ganske langt ut over den forpliktinga Tonstad Vindpark har etter konsesjonen. Planen for avbøtande tiltak skulle omfatte alle bygningars med støyfølsam bruk med støy over grenseverdien, ikkje berre dei som aksepterer utbygginga, «tåler» alle ulempar og lover å vera greie og ikkje stille krav i framtida.

Det er også stilt eit liknande vilkår i avtalen om avtaleskjønn, men i denne er vilkåret avgrensa til å gjelde støy.

Rådmannen meiner det kan diskuterast om tilbod om avbøtande tiltak eller avtaleskjønn med etterhald av denne typen kan reknast som reelle tilbod. Sirdal kommune bør ikkje anerkjenna dette som ei oppfylling av støyvilkåret i konsesjonen.

NVE har ikkje ønska å sjå nærmare på avtalane, då dette er eit tilhøve mellom utbyggjar og den enkelte grunneigar. NVE viser til at det ligg innanfor grunneigar sin avtalekompetanse å velje å inngå, eller ikkje inngå, avtalar om kompensasjon. Rådmannen meiner det ikkje er fullt så enkelt. Her er det, for det første, eit ujamt maktforhold. Grunneigarane er i utgangspunktet ikkje i posisjon til å forhandle om ein avtale eller påverka premissane for denne. For det andre, er sjølve føremålet til avtalene å oppfylle konsesjonsvilkåret. Avtalane er difor lagt ved tiltaksplanen som Tonstad Vindpark har sendt NVE til godkjenning. Avtalane er ein del av tiltaksplanen på det viset at dei synleggjer kva for ein prosess utbyggjar har lagt opp til for å oppfylle vilkåret. Konsesjonsmyndegheita bør stille relevante prosesskrav for å sikre at konsesjonsvilkåret vert oppfylt på ordentleg vis.

I tiltaksplanen vert det opplyst at det er inngått frivillige avtalar med 5 av 12 hytteeigarar innanfor planområdet og 4 av 11 hytteeigarar utanfor planområdet. 10 av hytteeigarane har sendt ein felles klage til OED. Denne er vedlagt (vedlegg 4)

#### Forståinga av støyvilkåret

I klagebehandlinga av 27.02.2019 la OED til grunn at det ikkje er krav om vidare oppfølging etter støyvilkåret for bygningar som er eigd av grunneigarar som har inngått avtale med utbyggar (om bruksrett for bygging og drift av vindkraftanlegget). Grunngjevinga var at det låg innanfor grunneigar sin avtalekompetanse å inngå desse avtalane. NVE har i den vidare behandlinga lagt til grunn dette som ei føring i frå OED.

I uttalen til tiltaksplanen skreiv Sirdal kommune at ein gjekk ut i frå at dette måtte skuldast ei misforståing. I dei grunneigaravtalane kommunen har sett, står det at kompensasjonen/leiga ikkje omfattar erstatning for støyulemper og at spørsmål om eventuell erstatning skal avgjera etter nabolova sine reglar. Grunneigaravtalane inneholder, så langt kommunen kan sjå, ingen moment som sikrar at nødvendige støytiltak vert gjennomført.

I tiltaksplanen er det opplyser at grunneigarane innanfor planområdet også får tilbod om den same frivillige avtalen om avbøtande tiltak som grunneigarane utanfor planområdet. Grunnen til at rådmannen likevel tek opp problemstillinga i denne klagan, er at rådmannen ikkje er viss på at OED og NVE vil ivareta interessene og helsa til grunneigarane innanfor planområdet på tilfredsstillande vis.

Det går av konsesjonsvilkåret eintydig fram at detaljplanen skal omfatte avbøtande tiltak for alle bygningar med støyfølsam bruk innanfor gul og raud sone:

*«Dersom det vurderes som nødvendig for vindkraftverkets realiserbarhet at støynivået overstiger Lden 45 dBA ved bygninger med støyfølsom bruk, skal detaljplanen omfatte aktuelle tiltak for å avbøte virkninger ved disse bygningene.»* (vår utheving)

Det ligg ikkje innanfor utbyggar eller grunneigar sin avtalekompetanse å avtale seg vekk frå ein nasjonal grenseverdi som formelt er stadfestet gjennom konsesjonsvedtaket.

Grenseverdien for støy er eit ledd i ein todelt nasjonal strategi for å motverke støyplager, der ein på den eine sida nyttar forureiningslova til å rydde opp i gamle synder, og på den andre sida støyretningslinja for å førebyggja at nye støyproblem oppstår.

Her kan det dragast ein parallel til faresoner for naturfarar. Kommunen kan ikkje godkjenne utbygging av hytter eller bustader innanfor ein faresone for ras, med mindre det først er dokumentert at det ikkje er rasfare på den aktuelle staden, eller det vert gjennomført tilstrekkelege sikringstiltak til å oppfylle krava som vert stilt til sikkerheit.

Tilsvarande vil kommunen, som plan- og bygningsmyndegheit, truleg ikkje kunne godkjenne utbygging av nye hytter, eller omfattande renovering av eksisterande hytter innanfor gul støysone rundt vindkraftverket, utan at det er dokumentert at ein oppnår tilfredsstillande verdiar for innandørsstøy, i samsvar med Norsk Standard NS 8175 sine lydklassar for bygg. Ein avtale om økonomisk kompensasjon for støyulemper, ville i denne samanheng ikkje kunne godkjennast som dokumentasjon. Kvifor skal dette vera annleis når det er NVE som er plan- og bygningsmyndegheit?

Rådmannen meiner det er behov for at OED klargjer og ryddar opp i forståinga si av støyvilkåret, slik at OED og NVE dreg i same retning som resten av samfunnet i arbeidet med å førebyggje støyplager. Praksisen OED legg opp til i klagevedtaket av 27.02.2019, er eigna til å undergrave støyretningslinja.

## Forslag til vedtak

Sirdal kommune klager på NVE sitt vedtak av 07.05.2020 om godkjenning av tiltaksplan mot støy fra Tonstad vindkraftverk.

Dokumentasjon og avbøtande tiltak mot støy etter vilkår i konsesjonen skulle ha vore lagt fram saman med detaljplanen. Tiltaksplanen mot støy tilfører saka nye opplysningar som også er relevante for vurderinga av detaljplanen. I tiltaksplanen er det synleggjort kva for enkeltturbinar som er utslagsgjevande for at støygrensa vert overskriden ved bygningar utanfor planområdet.

Sirdal kommune meiner det er fleire moment som talar for at prosjektet kunne vore realisert med *færre* bygg over grenseverdien for støy.

- Fleire enkeltturbinar synest vera plassert unødvendig tett på kringliggjande fritidsbustader. Dette gjeld særleg turbinpunkt 2G og 53, som er dratt heilt opp mot yttergrensa mot fritidsbustadane nord og nordaust for planområdet. Dette gjeld også dei tre turbinane mellom Krokvatn og kraftlinjetraseen (5, 1 og 6G), som kommunen tidlegare har kravd å få fjerna.
- Økonomien i prosjektet er styrka etter ein auke i effekt per turbin som gjev inntil 30 GWh meirproduksjon årleg. Kommunen oppfattar at OED gjennom si klagebehandling av 18.03.2019, har lagt ei føring på konsesjonær om å bruke den styrka prosjektøkonomien til å gjennomføre endringar i turbinoppsettet med mål om å redusere talet på fritidsbustader som får støy over grenseverdien.
- Avgrensinga i nordvest følgjer av ei frivillig, privatrettsleg erklæring. Erklæringar og andre lovnader må sjølvsagt haldast, men det er ikkje legitimt å bruke erklæringa av 12.06.2013 som argument for nødvendigheita av å overskride grenseverdien ved 23 fritidsbustader.

Sirdal kommune ber om at dei enkeltturbinane som fører til overskridning av grenseverdien for støy ved flest fritidsbustader vert flytta, eller tatt ut av prosjektet. I tillegg, ber kommunen om midlertidig stenging og/eller drift i støyredusert modus for dei attverande enkeltturbinane der dette vil gi størst utteljing i form av redusert støybelastning.

Sirdal kommune anerkjenner ikkje tiltaksplanen sine avtalar om avbøtande tiltak og avtaleskjønn som ei oppfylling av støyvilkåret i konsesjonen. Kommunen meiner det er urimeleg å stille som vilkår for støytiltak at hytteigar må akseptere utbygginga av vindkraftverket, fåla ei kvar ulempe og seie i frå seg retten til å fremme eit kvart krav mot Tonstad Vindpark i framtida. Kommunen ber konsesjonsmyndegheita stille relevante prosesskrav for å sikre at konsesjonsvilkåret vert oppfylt på ordentleg vis.

Kommune meiner at tiltaksplanen er for generell. Tiltaksplanen bør innehalde eit konkret forslag til avbøtande tiltak for kvar enkelt støyutsett bygning, med dokumentasjon som syner innandørs lydnivå før og etter tiltak. Kommunen etterlyser også eit tydelegare ambisjonsnivå for tiltaka. Kommunen meiner at ambisjonsnivået bør leggast høgt og foreslår difor å legge til grunn lydklasse B etter Norsk Standard NS 8175.

Sirdal kommune understrekar at tiltaksplanen skal omfatte avbøtande tiltak for *alle* bygningar med støyfølsam bruk innanfor gul og raud sone. Dette går eintydig fram av konsesjonsvilkåret. I klagevedtaket av 27.02.2019, la OED opp til ein praksis som kan undergrave støyretningslinja. Kommunen ber OED klargjere og rydde opp i forståinga si av støyvilkåret, slik at OED og NVE kan dra i same retning som resten av samfunnet i arbeidet med å førebyggje støyplager.

## **Saksprotokoll i Utvalg for teknikk, landbruk og miljø - 09.06.2020. PS 20/65**

### **Votering**

Rådmannens innstilling ble enstemmig tilrådt..

### **Tilråding fra utvalg for teknikk, landbruk og miljø**

Sirdal kommune klager på NVE sitt vedtak av 07.05.2020 om godkjenning av tiltaksplan mot støy frå Tonstad vindkraftverk.

Dokumentasjon og avbøtande tiltak mot støy etter vilkår i konsesjonen skulle ha vore lagt fram saman med detaljplanen. Tiltaksplanen mot støy tilfører saka nye opplysningar som også er relevante for vurderinga av detaljplanen. I tiltaksplanen er det synleggjort kva for enkeltturbinar som er utslagsgjevande for at støygrensa vert overskriden ved bygninga utanfor planområdet.

Sirdal kommune meiner det er fleire moment som talar for at prosjektet kunne vore realisert med *færre* bygg over grenseverdien for støy.

- Fleire enkeltturbinar synest vera plassert unødvendig tett på kringliggjande fritidsbustader. Dette gjeld særleg turbinpunkt 2G og 53, som er dratt heilt opp mot yttergrensa mot fritidsbustadane nord og nordaust for planområdet. Dette gjeld også dei tre turbinane mellom Krokvatn og kraftlinjetraseen (5, 1 og 6G), som kommunen tidlegare har kravd å få fjerna.
- Økonomien i prosjektet er styrka etter ein auke i effekt per turbin som gjev inntil 30 GWh meirproduksjon årleg. Kommunen oppfattar at OED gjennom si klagebehandling av 18.03.2019, har lagt ei føring på konsesjonær om å bruke den styrka prosjektøkonomien til å gjennomføre endringar i turbinoppsettet med mål om å redusere talet på fritidsbustader som får støy over grenseverdien.
- Avgrensinga i nordvest følgjer av ei frivillig, privatrettsleg erklæring. Erklæringer og andre lovnader må sjølv sagt haldast, men det er ikkje legitimt å bruke erklæringera av 12.06.2013 som argument for nødvendigheita av å overskride grenseverdien ved 23 fritidsbustader.

Sirdal kommune ber om at dei enkeltturbinane som fører til overskridning av grenseverdien for støy ved flest fritidsbustader vert flytta, eller tatt ut av prosjektet. I tillegg, ber kommunen om midlertidig stenging og/eller drift i støyredusert modus for dei attverande enkeltturbinane der dette vil gi størst utteljing i form av redusert støybelastning.

Sirdal kommune anerkjenner ikkje tiltaksplanen sine avtalar om avbøtande tiltak og avtaleskjønn som ei oppfylling av støyvilkåret i konsesjonen. Kommunen meiner det er urimeleg å stille som vilkår for støytiltak at hytteeigar må akseptere utbygginga av vindkraftverket, tåla ei kvar ulempe og seie i frå seg retten til å fremme eit kvart krav mot Tonstad Vindpark i framtida. Kommunen ber konsesjonsmyndegheita stille relevante prosesskrav for å sikre at konsesjonsvilkåret vert oppfylt på ordentleg vis.

Kommune meiner at tiltaksplanen er for generell. Tiltaksplanen bør innehalde eit konkret forslag til avbøtande tiltak for kvar enkelt støyutsett bygning, med dokumentasjon som syner innandørs lydnivå før og etter tiltak. Kommunen etterlyser også eit tydelegare ambisjonsnivå for tiltaka. Kommunen meiner at ambisjonsnivået bør leggast høgt og foreslår difor å legge til grunn lydklasse B etter Norsk Standard NS 8175.

Sirdal kommune understrekar at tiltaksplanen skal omfatte avbøtande tiltak for *alle* bygningars med støyfølsam bruk innanfor gul og raud sone. Dette går eintydig fram av konsesjonsvilkåret. I klagevedtaket av 27.02.2019, la OED opp til ein praksis som kan undergrave støyretningslinja. Kommunen ber OED klargjere og rydde opp i forståinga si av støyvilkåret, slik at OED og NVE kan dra i same retning som resten av samfunnet i arbeidet med å førebyggje støyplager.

## **Saksprotokoll i Formannskapet - 11.06.2020 – PS 20/83**

### **Behandling**

Utvalg for teknikk landbruk og miljøs innstilling ble tilrådt med 6 mot 1(H) stemme.

### **Formannskapets tilråding**

Sirdal kommune klager på NVE sitt vedtak av 07.05.2020 om godkjenning av tiltaksplan mot støy frå Tonstad vindkraftverk.

Dokumentasjon og avbøtande tiltak mot støy etter vilkår i konsesjonen skulle ha vore lagt fram saman med detaljplanen. Tiltaksplanen mot støy tilfører saka nye opplysningar som også er relevante for vurderinga av detaljplanen. I tiltaksplanen er det synleggjort kva for enkeltturbinar som er utslagsgjevande for at støygrensa vert overskriden ved bygningars utanfor planområdet.

Sirdal kommune meiner det er fleire moment som talar for at prosjektet kunne vore realisert med *færre* bygg over grenseverdien for støy.

- Fleire enkeltturbinar synest vera plassert unødvendig tett på kringliggjande fritidsbustader. Dette gjeld særleg turbinpunkt 2G og 53, som er dratt heilt opp mot yttergrensa mot fritidsbustadane nord og nordaust for planområdet. Dette gjeld også dei tre turbinane mellom Krokvatn og kraftlinjetraseen (5, 1 og 6G), som kommunen tidlegare har kravd å få fjerna.
- Økonomien i prosjektet er styrka etter ein auke i effekt per turbin som gjev inntil 30 GWh meirproduksjon årleg. Kommunen oppfattar at OED gjennom si klagebehandling av 18.03.2019, har lagt ei føring på konsesjonær om å bruke den styrka prosjektøkonomien til å gjennomføre endringar i turbinoppsettet med mål om å redusere talet på fritidsbustader som får støy over grenseverdien.
- Avgrensinga i nordvest følgjer av ei frivillig, privatrettsleg erklæring. Erklæringar og andre lovnader må sjølv sagt haldast, men det er ikkje legitimt å bruke erklæringa av 12.06.2013 som argument for nødvendigheita av å overskride grenseverdien ved 23 fritidsbustader.

Sirdal kommune ber om at dei enkeltturbinane som fører til overskridning av grenseverdien for støy ved flest fritidsbustader vert flytta, eller tatt ut av prosjektet. I tillegg, ber kommunen om midlertidig stenging og/eller drift i støyredusert modus for dei attverande enkeltturbinane der dette vil gi størst utteljing i form av redusert støybelastning.

Sirdal kommune anerkjenner ikkje tiltaksplanen sine avtalar om avbøtande tiltak og avtaleskjønn som ei oppfylling av støyvilkåret i konsesjonen. Kommunen meiner det er urimeleg å stille som vilkår for støytiltak at hytteigar må akseptere utbygginga av vindkraftverket, tåla ei kvar ulempe og seie i frå seg retten til å fremme eit kvar krav mot

Tonstad Vindpark i framtida. Kommunen ber konsesjonsmyndegheita stille relevante prosesskrav for å sikre at konsesjonsvilkåret vert oppfylt på ordentleg vis.

Kommune meiner at tiltaksplanen er for generell. Tiltaksplanen bør innehalde eit konkret forslag til avbøtande tiltak for kvar enkelt støyutsett bygning, med dokumentasjon som syner innandørs lydnivå før og etter tiltak. Kommunen etterlyser også eit tydelegare ambisjonsnivå for tiltaka. Kommunen meiner at ambisjonsnivået bør leggast høgt og foreslår difor å legge til grunn lydklasse B etter Norsk Standard NS 8175.

Sirdal kommune understrekar at tiltaksplanen skal omfatte avbøtande tiltak for *alle* bygningar med støyfølsam bruk innanfor gul og raud sone. Dette går eintydig fram av konsesjonsvilkåret. I klagevedtaket av 27.02.2019, la OED opp til ein praksis som kan undergrave støyretningslinja. Kommunen ber OED klargjere og rydde opp i forståinga si av støyvilkåret, slik at OED og NVE kan dra i same retning som resten av samfunnet i arbeidet med å førebyggje støyplager.

## **Saksprotokoll i Kommunestyret - 17.06.2020 – PS 20/54**

### **Behandling**

Formannskapets tilråding ble vedtatt med 17 mot 2 (H) stemmer.

### **Vedtak**

Sirdal kommune klager på NVE sitt vedtak av 07.05.2020 om godkjenning av tiltaksplan mot støy frå Tonstad vindkraftverk.

Dokumentasjon og avbøtande tiltak mot støy etter vilkår i konsesjonen skulle ha vore lagt fram saman med detaljplanen. Tiltaksplanen mot støy tilfører saka nye opplysningar som også er relevante for vurderinga av detaljplanen. I tiltaksplanen er det synleggjort kva for enkeltturbinar som er utslagsgjevande for at støygrensa vert overskriden ved bygningar utanfor planområdet.

Sirdal kommune meiner det er fleire moment som talar for at prosjektet kunne vore realisert med *færre* bygg over grenseverdien for støy.

- Fleire enkeltturbinar synest vera plassert unødvendig tett på kringliggjande fritidsbustader. Dette gjeld særleg turbinpunkt 2G og 53, som er dratt heilt opp mot yttergrensa mot fritidsbustadane nord og nordaust for planområdet. Dette gjeld også dei tre turbinane mellom Krokvatn og kraftlinjetraseen (5, 1 og 6G), som kommunen tidlegare har kravd å få fjerna.
- Økonomien i prosjektet er styrka etter ein auke i effekt per turbin som gjev inntil 30 GWh meirproduksjon årleg. Kommunen oppfattar at OED gjennom si klagebehandling av 18.03.2019, har lagt ei føring på konsesjonær om å bruke den styrka prosjektøkonomien til å gjennomføre endringar i turbinoppsettet med mål om å redusere talet på fritidsbustader som får støy over grenseverdien.
- Avgrensinga i nordvest følgjer av ei frivillig, privatrettsleg erklæring. Erklæringar og andre lovnader må sjølv sagt haldast, men det er ikkje legitimt å bruke erklæringa av 12.06.2013 som argument for nødvendigheita av å overskride grenseverdien ved 23 fritidsbustader.

Sirdal kommune ber om at dei enkeltturbinane som fører til overskridning av grenseverdien for støy ved flest fritidsbustader vert flytta, eller tatt ut av prosjektet. I tillegg, ber kommunen om midlertidig stenging og/eller drift i støyredusert modus for dei attverande enkeltturbinane der dette vil gi størst utteljing i form av redusert støybelastning.

Sirdal kommune anerkjenner ikkje tiltaksplanen sine avtalar om avbøtande tiltak og avtaleskjønn som ei oppfylling av støyvilkåret i konsesjonen. Kommunen meiner det er urimeleg å stille som vilkår for støytiltak at hytteeigar må akseptere utbygginga av vindkraftverket, fåla ei kvar ulempe og seie i frå seg retten til å fremme eit kvart krav mot Tonstad Vindpark i framtida. Kommunen ber konsesjonsmyndegheita stille relevante prosesskrav for å sikre at konsesjonsvilkåret vert oppfylt på ordentleg vis.

Kommune meiner at tiltaksplanen er for generell. Tiltaksplanen bør innehalde eit konkret forslag til avbøtande tiltak for kvar enkelt støyutsett bygning, med dokumentasjon som syner innandørs lydnivå før og etter tiltak. Kommunen etterlyser også eit tydelegare ambisjonsnivå for tiltaka. Kommunen meiner at ambisjonsnivået bør leggast høgt og foreslår difor å legge til grunn lydklasse B etter Norsk Standard NS 8175.

Sirdal kommune understrekar at tiltaksplanen skal omfatte avbøtande tiltak for *alle* bygningar med støyfølsam bruk innanfor gul og raud sone. Dette går eintydig fram av konsesjonsvilkåret. I klagevedtaket av 27.02.2019, la OED opp til ein praksis som kan undergrave støyretningslinja. Kommunen ber OED klargjere og rydde opp i forståinga si av støyvilkåret, slik at OED og NVE kan dra i same retning som resten av samfunnet i arbeidet med å førebyggje støyplager.

Inge Hedenstad Stangeland  
Rådmann

Sven Sandvik  
Plan- og miljøkonsulent